

Meir glede – mindre utgifter

Ledsagerbevis/følgjekort for funksjonshemma

Kva er ledsagerbevis/følgjekort?

Ledsagerbevis/følgjekort er ei ordning for funksjonshemma som har behov for følgje eller assistanse t.d. for å gå på kino, idrettsarrangement, teater, konsert, i symjehall, eller å reise kollektivt. Korthaldaren vel sjølv ledsagar og kan ha ulike ledsagarar.

Kvar gjeld kortet?

Ledsagerbeviset/følgjekortet skal gjelde i heile landet der arrangørar, transportselskap eller institusjonar som krev inngangspengar har akseptert ordninga.

Du må sjølv ofte undersøke

Fordi kortet ikkje er akseptert alle stader, må en sjølv ofte undersøkje om kortet er akseptert på den aktuelle staden..

Hovudregelen

Ledsagerbeviset/følgjekortet gjev ledsagaren fri åtgang til dei stadane og arrangementa som aksepterer ordninga. Den funksjonshemma som er eigar av beviset/kortet, betaler sjølv gjeldande pris.



Varierende rabattar

Kva som er gjeldande pris på billetten vert fastsett av arrangøren eller transportselskapet. Nokon vil krevje full pris av korthaldaren dersom ledsagar går gratis, medan andre vil i tillegg gje rabatt på full pris til korthaldar. NSB aksepterer ledsagerbevis/følgjekort for heile landet, men gjev 50% rabatt på full pris til korthaldaren og 50% til ledsagaren. Dette gjeld også ein del buss- og båtselskap.

Rettleiande retningslinjer

Statens råd for funksjonshemmede har utarbeida rettleiande retningslinjer med utfyllande merknadar. Desse finn du på rådet sine nettsider:

https://www.bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/ under informasjon om ledsagerbevis.

Søknad

Ordninga med ledsagerbevis/følgjekort vert administrert av Helseininga, ta kontakt på legekantoret eller med Koordinerande eining i Jondal kommune. Vedlagt følgjer søknadsskjema for ledsagerbevis/følgjekort.

U.off. § 5a, jfr. forvaltningsloven § 13.1

LEDSAGERBEVIS/FØLGJEKORT

SØKNADSSKJEMA

SØKJAR SITT NAMN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ POSTSTAD: _____

FØDSELSDATO: _____

TLF. PRIVAT: _____ TLF. ARBEID/SKULE: _____

SØKJAREN SI FUNKSJONSHEMMING:

GRUNNGJEVING FOR SØKNAD OM LEDSAGERBEVIS/FØLGJEKORT:

STAD _____ DATO _____

Underskrift søkjar

Underskrift føresette/hjelpeverge

Søknaden sendast/leverast med passfoto og uttale frå fastlege, legespesialist, eller annan offentlig godkjent helseinstitusjon til:

Jondal kommune, Legekontoret eller Koordinerande Eining, 5627 Jondal